

Nordfjordeid, 31.05.2024

Til medlemmer i oppgåveutval knytt til «Strategisk plan Nordfjordeid»:

Synnøve Aabrekk, Gro Gjerdevik, Cecilie Bjørlo, Reidun Sunde, Ove Kjøllesdal, Ove Bjørlo, Knut Tore Nes Hjelle, Ole Mathias Nes, Bjørn Myklebust, Roger Bergset, Siri Sandvik, Paul Jacob Helgesen, Gunvald Ludvigsen, Ståle Sandal, Betty Hessevik

## Informasjon om status for strategisk plan for Nordfjordeid

Vi viser til løypemelding og vidareføring av oppgåveutvalet for “Næringslivets betydning for eit levande og berekraftig Nordfjordeid” i sak KS 23/027 i Stad kommunestyre 23. mars 2023.

Etter at løypemeldinga vart lagt fram for kommunestyret har administrasjonen jobba med oppfølging av oppgåveutvalet sine punkt (sjå neste side). Det har blitt gjennomført grunnundersøkingar i sjø og strandsone og det er sett i gong ein mogleighetsstudie som femner om fortetting, volumstudie, fjordfronten og handels- og næringsanalyse. Det blir òg jobba vidare med skule- og idrettsområdet og inkludering av barn og unge. I tillegg er fleire av dei andre punkta som var nemnt i løypemeldinga under arbeid.

Sidan sist har det også blitt valt nytt kommunestyre med ny ordførar og varaordførar. Kristine Dahl, som tidlegare var prosjektleiar, er tilsett som ny kommunedirektør. Dette har ført til endringar i prosjektorganiseringa. Ny prosjektansvarleg er kommunalsjef for kultur og samfunn Astrid Fosshem Paulsen, medan Åse-Birgitte Berstad og Mirjam Kreisel leiar prosjektet vidare.

Ei administrativ prosjektgruppe jobbar no med å utarbeide eit strategidokument basert på oppgåveutvalet sine diskusjonar og innspel frå anna medverknad. Prosjektgruppa ynskjer å invitere oppgåveutvalet til eit møte i august, slik at de kan kome med tilbakemelding på utkast til strategiar og medverke til mogleighetsstudien. Strategidokumentet og mogleighetsstudien blir deretter lagt fram til politisk behandling til hausten.

Ta kontakt med Åse-Birgitte Berstad eller Mirjam Kreisel dersom de har spørsmål knytt til dette.

Med helsing

Åse-Birgitte Berstad (planleggar, Plan og forvaltning), [ase-birgitte.berstad@stad.kommune.no](mailto:ase-birgitte.berstad@stad.kommune.no)

Mirjam Kreisel (rådgjevar, Strategi og samordning), [mirjam.kreisel@stad.kommune.no](mailto:mirjam.kreisel@stad.kommune.no)

Astrid Fosshem Paulsen (kommunalsjef, Kultur og samfunn)

I siste arbeidsmøte for oppgåveutvalet den 13. februar 2023, kom utvalet fram til følgjande konklusjon:

«1. Utvalet ønskjer å delta vidare i arbeidet med strategisk plan for Nordfjordeid sentrum

2. Utvalet ved administrasjonen utformar ei løypemelding til Stad kommunestyre, der utvalet sine tilrådingar fram til no blir summert opp og der utvalet ber om eit mandat for vidare arbeid

3. Utvalet ser det som kritisk at nødvendig førebunde arbeid for ny arealplan vert sett i verk, som mellom anna femnar om:

- Avdekke potensialet for fortetting og byggehøgder: Gjennomføre fortettingsanalyse/volumstudie
- Innsikt i trendar, avdekke framtidig arealbehov for ny næring og få kunnskap om kva næringar som treng «akutt førstehjelp»: Gjennomføre/oppdatere nærings- og handelsanalyse
- Gjennomføre ein forstudie for konsept for nytt næringsareal og peike ut aktuelle areal for ny næring
- Gjennomføre grunnundersøkingar i sjø m.m.
- Fjordfrontstudie – avdekke tolegrensa for utfylling for nytt nærings- og bustadareal, forbetre ålmenta si tilgjenge til fjorden og skissere ferdigstilling av Nordfjordeid sin fjordfront

4. Utvalet står opp om følgjande utviklingsprosjekt:

- Etablere Campus Nordfjord
- Nordfjordeid som skule- og idrettsstad, avklare arealbruk også for fjordhest
- Realisere Statens hus
- Nordfjordeid som regional energihub (nasjonalt fjordvarmesenter, landstraum, nye energiberarar, ladepunkt m..)
- Utvikle samarbeidet med private aktørar
- Utvikle sentrumskvalitetane (badstu, gjestehamn, fjordsti, badebrygge m.m.)
- Følgje opp og utvikle Eidsgata spesielt
- Skape treffpunkt og uformelle møteplassar

5. Utvalet ønskjer at det blir lagt til rette for meir innsikt og samarbeid omkring arbeidet med Nordfjordeid sentrum. I første fase gjennom:

- Gjennomføre uformelt treff mellom unge vaksne av unge vaksne, inkl. aktuelle SOME-tiltak
- Gjennomføre frukostmøte og informere om arbeidet
- Gjennomføre ein næringskonferanse
- Vurdere moglegheitane for å inkludere barn og unge gjennom skulearbeid
- Arbeide med design og format ved ulike bruk av kommunikasjon til ulike målgrupper»